

Kunnskapsgrunnlag regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Prosess A (arbeidsgruppa):

- 1) Arbeidsgruppa startar arbeid på følgjande kartleggingar:
 - Kartlegge statlege og andre føringar og insitament for studieplassar og utdanningstilbod – barrierar og handlingsrom for institusjonane
 - Kartlegge innhald i og organisering av rådgjeving mellom utdannings- og yrkesval på ulike utdanningsnivå og kva slags koplingar det er mellom nivåa
 - Kartlegge tilgrensande arbeid og prosessar i vidaregåande opplæring, fagskuleutdanning og høgare utdanning knytt til utvalde plantema
 - Kartlegge arenaar for samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidsliv

Prosess B (temagruppene og analysegruppene):

- 1) Ad-hoc analysegrupper blir etablert, får bistand frå analysegruppa i seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse
- 2) Oversikt over tal utarbeidast av ad-hoc analysegruppene i samarbeid med leiar for temagruppene (gjeld ikkje utgreiing 2)
- 3) Temagruppene møtast for å einast om problemstilling og overordna skildring/ramme for temaet (gjeld ikkje utgreiing 2)
- 4) Ad-hoc analysegruppe lagar operasjonalisering
- 5) Operasjonaliseringa blir godkjend av temagruppene
- 6) Analysar gjennomførast, rapportar skrivast

Utgreiingar i prioritert rekkjefølge:

1. *Kartlegge forholdet mellom opplæringstilbod, lærlingplassar og rekruttering og gjennomføring innan vidaregåande [fag]opplæring, og korleis konjunktursvingingar har påverka dette.*

Utgangspunkt for problemstilling:

Mismatch mellom lærlingar og læreplassar. Opplæringstilbod dimensjonert etter kva elevane søker seg til, ikkje etter kva behov næringa har ... (jmfr. side 8-9 i planprogrammet).

Mottakar:

Temagruppe for dimensjonering (leiar: Torbjørn Mjelstad)

Ad-hoc analysegruppe:

Stig Aasland, Grete Jacobsen, ...

Ramme:

- Skildring av korleis fagopplæringa er organisert gjennom heile laupet
- Kartlegging av korleis opplæringskontora fungerer, både bransjekontor og regionale kontor
- Kva samarbeid/dialog finns mellom opplæringskontora?
- Korleis foregår dimensjonering? Korleis blir elevar formidla til bedrifter?
- Kor mobile er elevane? Kva forskjellar finns i mobilitet mellom faga?

Operasjonalisering og gjennomføring:

- Ad-hoc gruppe lagar forslag til operasjonalisering, temagruppa godkjenner.

2. *Analyse av korleis bedrifter vurderer behov for arbeidskraft og kompetanse, kva dei etterspør, kva dei veit om kompetansen til potensielle arbeidstakarar, og korleis dei rekrutterer den kompetansen dei treng.*

Utgangspunkt for problemstilling:

Jmfr innleiinga under plantema, s. 8

Mottakar:

Temagruppe for endring og omstilling (leiar: Heidi Bjønnes Larsen)

Ad-hoc analysegruppe:

Hans Inge Gloppen, Kristin Iversen, ...

Operasjonalisering og gjennomføring/metode:

- Både spørjeundersøking og dybdeintervju
- Ad-hoc gruppe lagar forslag til problemforståing, operasjonalisering og metode, temagrappa godkjenner.

3a) *Kartlegge forholdet mellom opplæringstilbod, tal på studieplassar og rekruttering/gjennomføring innan etterspurde utdanningar i fagskoleutdanning, og korleis konjunktursvingingar har påverka dette.*

Utgangspunkt for problemstilling:

Fagskoleutdanningane kan bli laga ad-hoc til lokal utdanning. Spesielt innan tekniske fagskolar er det fleire søkarar enn studieplassar (dimensjoneringa er for låg både for studentar og for næringslivet – problem å få finansiert nok studieplassar)... jmf side 9.

Mottakar:

Temagruppe for dimensjonering (leiar: Torbjørn Mjelstad)

Ad-hoc analysegruppe:

Adeline Landro, Stig Aasland, Agnete ved oppstart/etter behov

Ramme:

- Skildring av korleis fagskoleopplæringa er organisert og lokalisert, og korleis studietilbod blir utvikla
- Avgrensing eller inkludering av dei private fagskolane?
- Kva er dimensjoneringa/etterspørselen/gjennomføringa etter ulike typar kurs/-lengder?
- Korleis foregår dimensjonering? Kva problem/barrierar finns?
- Kor mobile er elevane? Kva forskjellar finns i mobilitet mellom faga?
- Kva alder har studentane?

Operasjonalisering og gjennomføring:

- Ad-hoc gruppe lagar forslag til operasjonalisering, temagrappa godkjenner

3b) *Kartlegge forholdet mellom opplæringstilbod, tal på studieplassar og rekruttering/gjennomføring innan etterspurde utdanningar i høgare utdanning, og korleis konjunktursvingingar har påverka dette.*

Avvente innleiande arbeid i arbeidsgruppa

4. *Kartlegge noverande og framtidige behov for og etterspurnad etter arbeidskraft i Hordaland.*

Utgangspunkt for problemstilling:

Jmfr innleiinga under plantema, s. 10

Mottakar:

Temagruppe for dimensjonering (leiar: Torbjørn Mjelstad)

Ad-hoc analysegruppe:

Analysegruppa i seksjon for forskning, internasjonisering og analyse

Ramme:

Betring av balansen mellom tilbod og etterspørsel etter kompetent arbeidskraft, jmf tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet.

Operasjonalisering og gjennomføring:

- Utviklast i samkøring med nasjonalt pilotprosjekt